

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 15.09.2016

Tid: kl.17:00 - 19:45

Innkalling til møtet vart gjort elektronisk tilgjengeleg 08.09.2016 i samsvar med § 32 i kommunelova.

Saklista og sakspapira vart gjort tilgjengeleg elektronisk 09.09.2016

Møtet vart kunngjort på heimesida.

Desse medlemene møtte:	Parti
Anne-Grete Gjerdevik	Ap
Atle Kvåle	Ap
Hans Ekeberg	Ap
Magne Djuvik	Frp
Aud-May Boge	H
Bjarte Samnøy	Krf
Margunn Yndestad Samnøy	Sp
Mikal Leigland	Sp
Svein Lang	Sp

Møtenotat:

Forfall og møtande varamedlemer:

Anne-Grethe Gjerdevik, Ap, fekk permisjon frå møtet og gjekk kl 18.35 medan sak nr 55/16 vart handsama. Gustav Folkestad, V, var innkalla som varamedlem og tok plass i møtet.

Andre som var tilstade på møtet:

Assisterande rådmann Elisabeth Farstad - fungerande rådmann

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Einingsleiar undervisning Anne-Merete Hellebø

Einingsleiar pleie og omsorg Gro E. Almås

Spesialrådgjevar Anne Lise Aaseng

Einingsleiar samfunnsutvikling, økonomi og service Terje Raunsgard

Økonomisjef Jarl Ottmar Reinsnes

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Ordfører Atle Kvåle, Ap, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 16.09.2016

Atle Kvåle
Ordfører

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
054/2016	Godkjenning av møteprotokoll
055/2016	Revidert budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019
056/2016	Handelsanalyse for utviding av Fjord'n senter
057/2016	Bruk av setterådmann

054/2016: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollar frå møta 01.06.2016 og møtet 20.06.2016 vert godkjent.

Formannskapet 15.09.2016:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 054/2016 Vedtak:

Møteprotokollar frå møta 01.06.2016 og møtet 20.06.2016 vert godkjent.

055/2016: Revidert budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til formannskapet, som gjev innstilling til kommunestyret, jf. vedlagde notat.

Formannskapet 15.09.2016:

Handsaming:

Uttaler og vedtak frå ungdomsråd, senior- og funksjonsråd, administrasjonsutval og AMU var distribuert ut før møtet.

Margunn Y. Samnøy, Sp, fremja følgjande fellesframlegg frå Høgre, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet.

Som vedtak KOM-048/2016 med følgjande endring:

Punkt 1.

Lærartettleiken ved skulane i Fusa skal tilpassast det faktum at elevar som har gått i kommunal skule har søkt seg til private skular frå hausten 2016. Som ein konsekvens av det, blir det mindre trong for lærarar og assistentar/fagarbeidarar i dei kommunale skulane frå 01.08.2016.

Punkt 3.

Kr. 500.000 i 2016 blir strøken.

Punkt 4.

Eining undervisning blir tilført kr. 200.000 til spes.ped.

Dekning: Kr. 700.000 blir tatt frå post dekning av tidligare års meirforbruk. Rest kr. 695.000 blir tilført disposisjonsfond.

Magne Djuvik, Frp, fremja følgjande fellesframlegg frå FrP, Ap og V:
Set fram som framlegg rådmannen sitt oppsett på side 21 i notat frå rådmannen

Framlegget fremja av Magne Djuvik, Frp, fekk 4 røyster. (2 Ap, 1 Frp, 1 V)

Framlegget fremja av Margunn Y. Samnøy, Sp, vart tilrådd med 5 røyster. (1 H, 1 Krf, 3 Sp)

FOR- 055/2016 Vedtak:

Som vedtak KOM-048/2016 med fylgjande endring:

Punkt 1.

Lærartettleiken ved skulane i Fusa skal tilpassast det faktum at elevar som har gått i kommunal skule har søkt seg til private skular frå hausten 2016. Som ein konsekvens av det, blir det mindre trong for lærarar og assistentar/fagarbeidarar i dei kommunale skulane frå 01.08.2016.

Punkt 3.

Kr. 500.000 i 2016 blir strøken.

Punkt 4.

Eining undervisning blir tilført kr. 200.000 til spes.ped.

Dekning: Kr. 700.000 blir tatt frå post dekning av tidligare års meirforbruk. Rest kr. 695.000 blir tilført disposisjonsfond.

Ungdomsrådet 12.09.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd kom etter ei drøfting fram til ein slik samrøystes uttale i saka: Fusa ungdomsråd stiller spørsmål ved måten det vart gjort vedtak om revidert budsjett og økonomiplan i kommunestyret 16. juni d.å. Det vart gjort omfattande omfordelingar og endringar i budsjett og økonomiplan utan at ungdomsrådet fekk høve til å uttala seg. Dette meiner ungdomsrådet er uheldig.

Ungdomsrådet synes det er vanskeleg å gå inn i detaljane i saka på noverande tidspunkt og ser helst at saka, og dei problestillingane som reist, vert tekne opp att i samband med budsjettarbeidet for 2017 og arbeidet med ny økonomiplan.

UNG- 029/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd stiller spørsmål ved måten det vart gjort vedtak om revidert budsjett og økonomiplan i kommunestyret 16. juni d.å. Det vart gjort omfattande omfordelingar og endringar i budsjett og økonomiplan utan at ungdomsrådet fekk høve til å uttala seg. Dette meiner ungdomsrådet er uheldig.

Ungdomsrådet synes det er vanskeleg å gå inn i detaljane i saka på noverande tidspunkt og ser helst at saka, og dei problestillingane som vert reist, vert tekne opp att i samband med budsjettarbeidet for 2017 og arbeidet med ny økonomiplan.

056/2016: Handelsanalyse for utviding av Fjord'n senter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune rår til at Hordaland fylkeskommune godkjenner Handelsanalyse for utviding av Fjord'n senter, Eikelandsosen.

Formannskapet 15.09.2016:

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 056/2016 Vedtak:

Fusa kommune rår til at Hordaland fylkeskommune godkjenner Handelsanalyse for utviding av Fjord'n senter, Eikelandsosen.

Ungdomsrådet 12.09.2016:

Handsaming:

Etter ei drøfting kom ungdomsrådet fram til slik samrøystes uttale i saka: Fusa ungdomsråd støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka. Ungdomsrådet meiner det er positivt med eit auka handelstilbod i Fjord'n senter, både for ungdom og andre aldersgrupper i regionen.

Fusa ungdomsråd har i sin Handlingsplan vedteken 2. juni 2015 sagt dette om utvikling av private tenester i kommunesenteret:

- Fusa ungdomsråd ønskjer fleire butikkar og eit breiare tenestetilbod ved Fjord'n senter.
- Ungdomsrådet ønskjer eit betre restaurant/ mattilbod, gjerne med ungdom

som målgruppe.

UNG- 030/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd støtter rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka. Ungdomsrådet meiner det er positivt med eit auka handelstilbod i Fjord'n senter, både for ungdom og andre aldersgrupper i regionen.

Fusa ungdomsråd har i sin Handlingsplan vedteken 2. juni 2015 sagt dette om utvikling av private tenester i kommunesenteret:

- Fusa ungdomsråd ønskjer fleire butikkar og eit breiare tenstetilbod ved Fjord'n senter.
- Ungdomsrådet ønskjer eit betre restaurant/ mattilbod, gjerne med ungdom som målgruppe.

057/2016: Bruk av setterrådmann

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

1. Ordførar får fullmakt til å engasjera setterrådmann til saksbehandling der rådmannen er inhabil slik det går fram av saka.

Ordførar får fullmakt til å inngå avtale. Kostnadane vert dekkja av disposisjonsfond konto_____.

2. Ordførar får fullmakt til å engasjera setterrådmann i oppfølging av arealplanen i Eikelandsosen slik det går fram av saka.

Ordførar får fullmakt til å inngå avtale. Kostnadane vert dekkja av disposisjonsfond konto_____.

Formannskapet 15.09.2016:

Handsaming:

Svein Lang, Sp, og ordførar Atle Kvåle, Ap, sette fram følgjande fellesforslag slik at ordføraren sitt forslag vart endra slik:

"Ordførar" i forslaget vert endra til "formannskapet" . Kommunestyret gjer vedtak i denne saka.

1. Formannskapet får fullmakt til å engasjera setterrådmann til saksbehandling der rådmannen er inhabil slik det går fram av saka.

Formannskapet får fullmakt til å inngå avtale. Kostnadane vert dekkja av disposisjonsfond konto_____.

2. Formannskapet får fullmakt til å engasjera setterådmann i oppfølging av arealplanen i Eikelandsosen slik det går fram av saka.
Formannskapet får fullmakt til å inngå avtale. Kostnadane vert dekkja av disposisjonsfond konto_____.

Kommunestyret gjer vedtak i denne saka.

Fellesframlegg fremja av Svein Lang, Sp, og Atle Kvåle, Ap, vart samrøystes tilrådd.

FOR- 057/2016 Vedtak:

1. Formannskapet får fullmakt til å engasjera setterådmann til saksbehandling der rådmannen er inhabil slik det går fram av saka.
Formannskapet får fullmakt til å inngå avtale. Kostnadane vert dekkja av disposisjonsfond konto_____.

2. Formannskapet får fullmakt til å engasjera setterådmann i oppfølging av arealplanen i Eikelandsosen slik det går fram av saka.
Formannskapet får fullmakt til å inngå avtale. Kostnadane vert dekkja av disposisjonsfond konto_____.
Kommunestyret gjer vedtak i denne saka.